

Volkeleg kjaerleik



MOTOR: Trygve Hovdenakk kan ikkje forstå kvifor motoren blei flytta fram i bilen, når det fungerte så godt å ha den bak.

LUFTAVKJØLT: Bilane er luftavkjølte med motor bak, noko som er eit viktig kriterie for entusiastane. Trygve Hovdenakk er svært stolt over gliset sitt.



VW 1600: Bilen til Trygve Hovdenakk er ein VW 1600, Notch back 1972 modell. Son til Trygve, Andreas Stennes Hovdenakk, synes også det er stas med veteranbil.



TREFF: Det var grøvær på Ørskogfjellet forrige helg, men likevel hadde mange tatt turen innom VolksWest sitt arrangement.

Trygve Hovdenakk er bitt av Volkswagen-basillen. For tida held han på å restaurere ein VW 1600 Notch back, som i om lag ti år har stått gøymt, og kanskje gloymt, i ei løe på Brautaset.

– Eg har alle tider tenkt at eg skulle ha meg ein luftavkjølt Volkswagen, men det har liksom berre blitt med tanken. Heilt til eg såg denne bilen avertert i ei lokal avis. Då slo eg til og no er eg stolt eigar av ein svært spesiell bil, fortel Trygve.

Lærevogn

Bilen til Trygve var i si tid køyreskulevogn i Ørsta, og høyrde til hos E. Moe's Sjøførskule.

– Bilen har ei flott lokalhistorie, og har vore her i Ørsta heile tida. Eg er sikker på at det er mange her i området som har lærekoyrt med nettopp denne bilen. Og det vil eg berre seie, om eg hadde moglegheiter til å kjøpe ein strøken bil av same type frå Austlandet til domes, ville eg aldri ha valt den framfor denne, som det er timesvis med arbeid igjen på. Historia til bilen er nesten like viktig som sjølve bilen, understrekar han.

Bilen er av merket VW 1600 Notch back, og det finnst ikkje mange av den i landet.

– Av denne bilea som vart produsert i 1972, er det berre to stykker som var nyregistrerte i Norge. Dette er altså ein av dei, smiler Trygve.

Originalt

Til bilen høyrer også eit ekstra pedalsett til.

– Eg skal montere pedalsettet slik at bilen forblir ei lærevogn, men om eg kan koble dei til, det er eg ikkje heilt sikker på. Det er ikkje sikkert det er lovleg, så eg må nok undersøke akkurat det. Det er faktisk veldig viktig for oss entusiastar at bilane skal forbli det dei originalt blei nytta til. Dersom ein til domes skaffar seg ein gamal VW som vart nytta til brannbil, ja så er det om og gjere å få tak i alt ekstraustyr til bilen også.

Trygve blir ikkje avskrekka av alt arbeidet som gjenstår på bilen før han kan få den på vegane.

– Eg er så heldig at far min, Per Sverre, har arbeidd på Autoservice, merkeverkstaden til Volkswagen. Han kan disse bilane ut og inn, og hjelper til med alt mogleg. Det er nok ikkje sikkert eg hadde kjøpt bilen om ikkje han hadde den kunnskapen. Eg er veldig heldig som får lære av ein fagmann, fortel han.

Klubb

Trygve er medlem av Volkswagen-klubben VolksWest, ein klubb for Volkswagen interesserte på Vestlandet.

– Eg er sikker på det er mange skjulte entusiastar der ute, som kanskje ikkje er klar over at det finnst ein slik klubb. Då skal dei berre vite at vi er mange som deler interessen for desse bilane, og som har treff over heile landet, heile året. Sist helg hadde vi treff på Fjellstova på Ørskogfjellet. Ein treng absolutt ikkje eige ein VW for å kome å sjå, eller for å slå av ein bilprat. Noko av det flotte med akkurat Volkswagen-miljøet er at det ikkje er noko snobberi, ei oppbanka gammal "boble" er like feira som ein heilt strøken bil som ser nesten ny ut, fortel Hovdenakk.

Eit viktig kriterie for bilane til entusiastane er at dei skal vere luftavkjølte.

– Det er eit viktig moment ja. Det er nett disse bilane som har motoren bak som er det samlande punktet. Det er eit utruleg sosialt miljø, og folk er veldig hjelpsame om ein støter på eit lite problem. Om eg lurar på noko, eller manglar ein del, er det berre å logge seg på sidene til Volkswagen Norge, spørre på forumet, og ikkje lang tid etter har ein svar på spørsmålet sitt. Ofte får ein også den delen ein manglar tilsendt i posten kort tid etterpå, fortel Trygve som ser fram til mange hyggelege timar med restaurering i garasjen før han tek gliset ut på vegane.

TEKST OG FOTO:
MONICA IREN MOE MASDAL



HERBIE: Denne "dolia" kunne ein sjå på VolksWest sitt treff på Ørskogfjellet forrige helg. Bilen er Nils Magne Walgermo si modell 1962 type 1, Herbie.